



# SENIORTREFF

## Aktivitetssenteret i Sund



**Kvar fredag mellom kl 11.00 og 14.00 kan du vera i lag  
med andre om ulike aktivitetar.  
Det er ein uformell møteplass for alle.**

### AKTIVITETAR FOR DEG

Seniortreffet skal styrast etter det deltagarane er interesserte i. Det kan vera song, dans og spel, opplesing og samtalar, handarbeid, brettspel, balansetrening, ord og uttrykk, datahjelp, rebusløysing, konsertar og foredrag. Du kan sjølv påverka programmet og delta i planlegging av dagen i lag med dei andre.

### LUNSJ

Lunsjen er frå kl 12.00 til 13.00. Den timen kan du prata med sidemannen eller lytta til andre som fortel små stubbar og historier. Samtalens kan også dreia seg om dagsaktuelle temaer der ein kan få ein god diskusjon rundt bordet.

# SENIORTREFF

## Aktivitetssenteret i Sund



### KOORDINATOR

Kommunen har ein koordinator på Aktivitetssenteret som har ansvar for lunsj og transportteneste. Du kan kjøpa deg ein velsmakande lunsj for ein rimeleg penge.

### TRANSPORT

Dersom du ynskjer skyss med kommunebussen må du ringja dagen før og seinast kl 14.30. Tlf 56 32 99 50. Ein plass i bussen kostar kr 30 kvar veg.

### SAMARBEIDSPARTNARAR

Seniortreffet er organisert i samarbeid med Sund pensjonistlag, Sund turlag, Sund kommunale seniorforening, Folkeakademiet i Sund og Sund kommune.

### VELKOMEN TIL SENIORTREFF!

Det er inga påmelding til Seniortreffet, og det er gratis å delta.  
Det er berre å møta fram om fredagane når du kan og vil. Velkommen!



Grafisk utforming: Monica Hovland for Sund kommune 2017

Foto: Colourbox